

## Flinke musikarar og full sal!

08.04.2018



Rosendal skulekorps/Uskedal skulemusikk viste at dei er godt førebudde til Hordablæsten.

**Det var fullt rundt borda då Uskedal skulemusikk arrangerte basar og konsert i Aktivitetshuset søndag ettermiddag, og dei som ikkje var der gjekk verkeleg glipp av noko. Dei unge musikarane gav oss ei flott musikkstund, og saman med åresal, kaffi og gode kaker vart det ein super søndags ettermiddag.**



Anna Simone og Malena er alt blitt flinke på althorn.



Nelly spilte flott på baryton.

Etter at Haldis Åkra hadde ønskt velkommen, var det 5 av dei 6 aspirantane i skulemusikken som skulle først i

elden. Skal sei dei imponerte etter berre nokre månader med opplæring på instrumentet. Det var også tydeleg at dei er flinke å øva heime. Det høyrdest på den flotte tonen dei hadde i instrumenta!! I tur og orden vart dei presentert av Monica Herrmann frå skulekorpsstyret. Det starta med Malena Myhre Olsen og Anna Simone Lægland Enes som framførte 'Kom og høyr på hornmusikk' og 'Lisa gjekk til skolen' på althorn, fortsette med Nelly Borgen Hermansen som spelte 'Country walk' på baryton før kornettistane Signe Karine Koløy og Ebba Herrmann Fossli avslutta med 'Flåkløpa' og 'My heart will go on'. Det var verkeleg gøy å høyra kor flinke dei lovande musakarane var blitt på kort tid!! Til komande år har det til no berre meldt seg to nye aspirantar. Dersom fleire er interesserte, kan dei berre ta kontakt med dirigent Tor eller ein i styret for prøveblås. Det er ikkje for seint å begynne på instrument om ein går i 4., 5. eller 6.klasse, opplyser styret.



Ebba og Signe Karine imponerte på kornett.

Hovudposten i programmet var Uskedal skulemusikk og Rosendal skulekorps som framførte programmet sitt til Hordablæsten i Grieghallen neste helg. Før dei starta fortalde Uskedaldirigent Tor Skeie Olsen om øvingane siste veka og eit godt seminar i helga. Han rosa musakarane for god innsats, god jobbing og god stemning. Han overlet så stafettspinnen til Rosendaldirigent Linas Dakinevicius som dirigerte korpset. Det starta med fartsfylte 'Pedal Pusher' før dei gjekk over i rolege 'Vuggesang(SVoR)'. Deretter vart det meir fart att med 'Triangle Tarantella' før dei avslutta med den funkier 'Groovulation' som fekk tankane tilbake til Brazzooka si stordomstid. Det er også Sebastian L. Torjussen som har arrangert den for korpset. Korpset kom godt frå framføringa av programmet sitt, og særleg godt likte eg dei fartfylte nummera. Der fekk verkeleg korpset fram god trøkk og klang, godt føredrag, god presisjon og flotte instrumentale prestasjonar. Eg gjentar gjerne at dei som ikkje var der, verkeleg gjekk glipp av ei fin musikkstund.



Gledeleg med mykje folk.

No er berre finpussen att, og musikarane kan glede seg til å spele i Grieghallen. Der møter dei mange andre topptrimma korps. Til Bergen reiser dei med felles buss laurdag morgon. Det vert tid til litt shopping og felles middag på Egon i tillegg til øving laurdag. Søndag i middagstida skal dei på scenen i Grieghallen. Resultata vert gjort kjent på festkonserten seinare søndag. Etter den set dei seg på bussen med kursen mot Kvinnherad. Det er heilt sikkert ein fornøgd gjeng som kjem heim seint på kvelden.

Etter musikken var det 3 åreomgangar og gratis kaffi, saft og masse godt å bita i. Det var som vanleg svært mange gevinstar, og underteikna opplevde å 'scora' sitt første hat trick. Det vart nemleg tre vinnarnummer på rad!! Heile feststunda vart avvikla på halvannan time, og arrangørane fortener ros for god regi og flott gjennomføring!!



Mykje godt til ettermiddagskaffien.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.